

Manglar ved søknaden om salsbod

10.11.2012

Saksbehandlar Eva Sundal har påpeika visse manglar ved søknaden om salsbod for Thaimat på hjul like ved Grano. Ein mangel er at det ikkje føreligg skriftleg erklæring der kommunen stadfester løyve til parkering og plassering på deira eigedom.

Ein annan mangel er at punktet om vassforsyning og avløp ikkje er utfylt og ein tredje er at nabovarsling til Uskedalen Utvikling manglar.

Men søknad til vegvesenet går ut fordi den kommunale vegen frå krysset med Sandavegen og ned til boden har godkjend avkøyrsløse frå fylkesvegen. Her er det og godkjend reguleringsplan.